



Harald Normann Nilsen
Vardane 143
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1743 - 18/31582

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
17.10.2018

Ferdigattest tilbygg bustad - gbnr 134/450 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 563/18

Tiltakshavar: Harald Normann Nilsen
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.12.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.09.2018 og supplert 15.10.2018.

Skildring

Adresse:	Varsane 143
Bygningstiltak:	Tilbygg og endra bruk av areal
Bygningsnummer:	300274603-1
Bruksareal:	10m ² (tilbygg) og 27m ² (endra arealbruk)
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg samt endring av tilleggsdel til hovuddel på gbnr 134/450.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1743

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Normann Nilsen	Vardane 143	5911	ALVERSUND
Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ